



## Saksprotokoll

**Organ:** Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne

**Møtedato:** 06.06.2017

**Sak nr.:** 17/4746-2

**Internt l.nr.** 23828/17

**Sak:** 10/17

**Tittel:** Høringsutkast frå Gaular kommune til fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne Forskrift om rett til opphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad tilrettelagt for heildøgns tenester - kriterie og venteliste

**Behandling:**

**Uttale skrive i møte:**

*Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne har fylgjande uttale til høyringa om forskrift om rett til sjukeheims plass:*

*Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne er positive til at Gaular kommune vedtek retningslinjer for korleis kommunen skal handtere spørsmål kring ventelister for langtidsopphald.*

*Det er viktig at pasientar og brukarar på ventelister vert vurdert fortløpande, då sjukdomsbiletet ofte endrar seg raskt i desse aldersgruppene. Det må vere ei vurdering av alle brukarar som er innanfor kriteria når plassar skal tildelast. Ventelister og vurderingsprosessar må heile tida vere «levande» opp mot den enkelte brukaren sin helsetilstand og behov for omsorgstenester.*

*Dei som er kvalifisert til langtidsopphald på sjukeheim, bør få plass på sjukeheim straks.*

*Det bør òg vurderast i kva grad kommunen nyttar omsorgsbustader med heildøgnstilsyn, opp mot tilbod om fullverdige sjukeheims plassar. Sjølv om omsorgsbustader med heildøgnstilsyn er eit godt og rett tilbod for mange, må kommunen ha tilstrekkeleg tal sjukeheims plassar utfrå normtal for dette, for å gje eit godt nok samla tilbod til brukarane.*

*Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne meiner at hovudregelen bør vere einarom til pasientane. Samstundes er det viktig at det vert teke omsyn til ektefeller som har ynskje om å dele rom ved langtidsopphald på sjukeheim.*

**Avrøysting:**

Samrøystes

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

*Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne har fylgjande uttale til høyringa om forskrift om rett til sjukeheims plass:*

*Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne er positive til at Gaular kommune vedtek retningslinjer for korleis kommunen skal handtere spørsmål kring ventelister for langtidsopphald.*

*Det er viktig at pasientar og brukarar på ventelister vert vurdert fortløpande, då sjukdomsbiletet ofte endrar seg raskt i desse aldersgruppene. Det må vere ei vurdering av alle brukarar som er innanfor kriteria når plassar skal tildelast. Ventelister og vurderingsprosessar må heile tida vere «levande» opp mot den enkelte brukaren sin helsetilstand og behov for omsorgstenester.*

*Dei som er kvalifisert til langtidsopphald på sjukeheim, bør få plass på sjukeheim straks.*

*Det bør òg vurderast i kva grad kommunen nyttar omsorgsbustader med heildøgnstilsyn, opp mot tilbod om fullverdige sjukeheims plassar. Sjølv om omsorgsbustader med heildøgnstilsyn er eit godt og rett tilbod for mange, må kommunen ha tilstrekkeleg tal sjukeheims plassar utifrå normtal for dette, for å gje eit godt nok samla tilbod til brukarane.*

*Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne meiner at hovudregelen bør vere einarom til pasientane. Samstundes er det viktig at det vert teke omsyn til ektefeller som har ynskje om å dele rom ved langtidsopphald på sjukeheim.*